

# Retningsline når personar med spesielle oppfølgingsbehov vert innlagt ved Helse Møre og Romsdal HF med bistand av kommunalt tilsett personell

Forfatter: Britt Valderhaug Tyrholm, Lena Bjørge Waage

Gyldig fra: 25.08.2020

Revisjon: 1.2

Godkjent av: Lena Bjørge Waage

Revisjonsfrist: 25.08.2021

ID: 33414

## 1. FORMÅL OG RETTSLEG GRUNNLAG

Sikre pasientar/brukarar gode helsetenester med god kvalitet. Dette er eit felles ansvar for partane. Formålet med retningslina er å avklare ansvarstilhøve rundt organisering og finansiering dersom det ved innlegging i helseføretaket er behov for at kjent følgjeperson frå kommunen skal bistå pasienten.

For barn og unge gjeld at dei alltid skal ha med seg føresette til all behandling, enten det gjeld poliklinisk, dagbehandling eller innlegging. Med føresett meines både foreldre, fosterforeldre og andre med omsorgsansvaret som t.d. kommunalt tilsette når barnet/ungdommen bur i kommunal omsorgsheim. Dette er heimla i lov gjennom «Forskrift om barns opphold i helseinstitusjon», §3.

## 2. OMFANG

Retningslina gjeld alle avdelingar ved helseføretaket og alle kommunane i opptaksområdet som helseføretaket har samhandlingsavtale med.

## 3. DEFINISJONAR

**Følgjeperson:** personell tilsett i kommunen eller på vegne av kommunen, som skal yte bistand for person med spesielle behov når denne er innlagt ved helseføretaket.

**Pasient/brukar med spesielle behov:** Det gjeld pasientar med store bistandsbehov. Døme: Stor grad av uro/angst, kommunikasjonsvanskar og/eller andre særskilte behov. I teksten brukast pasient synonymt med pasient/brukar.

**Helseføretaket:** Helse Møre og Romsdal HF og instansar som helseføretaket har avtale med.

**Innlegging:** Retningslina gjeld all innlegging, både når det er planlagt og i akutte situasjonar.

**Omsorgsperson:** Omsorgsperson er jmf nevnte «Forskrift om barns opphold i helseinstitusjon», §3, foreldre og alle «andre som opptre i foreldres sted». Herunder gjeld då også kommunalt tilsette som har eit heiltids eller tidsavgrensa ansvar for omsorgen til barnet.

## 4. BEHOVSAVKLARING

Helseføretaket skal i samarbeid med kommunen vurdere om det er behov for særskilt tilrettelegging for å kunne ivareta pasienten ved innlegging. Pasienten eller den som representerer pasienten skal ha høve til å uttale seg. Når behovet for tilrettelegging er avklart, avgjer helseføretaket om dei sjølve kan ivareta pasienten sitt behov, eller om pasienten har behov for å ha med kjent følgjeperson under innlegginga i helseføretaket.

Pasient under 18 år og innlagt i helseføretaket: Barn har rett til å ha minst ein av foreldra hos seg under institusjonsopphaldet. Med foreldre meinast også fosterforeldre eller andre offentlege institusjonar som opptre på vegne av foreldra, jfr. Forskrift om barns opphald i helseinstitusjon (2001:§3,6).

Helseføretaket kommuniserer direkte med pasientar med brukarstyrt personleg assistanse (BPA), og som er arbeidsleiar for sine assistentar, om bruk av assistentar ved innlegging i helseføretaket. Utkast til «**Avtale om følgjeperson frå kommune**» skal også her sendast til kommunen for signering.

For pasientar der det er behov for ny innlegging, skal det utarbeidast ein individuell samarbeidsavtale som blant anna beskriv korleis bistanden spesifikt skal løysast. Avtalen skal dokumenterast.

## 5. FRAMGANGSMÅTE

For pasientar med eit sannsynleg behov for følgjeperson ved innlegging i helseføretaket, bør dette som hovudregel vere avklart på førehand.

### 5.1 Planlagt innlegging

Aktuell kommune ved ansvarlig leiar kontaktar helseføretaket ved seksjonsleiar ved aktuell innleggingsstad og drøftar om pasienten har behov for følgjeperson og omfanget av behovet under opphaldet. Dersom det fastslås at det føreligg eit behov for følgjeperson, skal skjemaet «**Avtale om følgjeperson frå kommune**» fyllast ut. Nytt skjema må fyllast ut for kvar innlegging med mindre det er inngått enkeltavtale på namngitt pasient.

### 5.2 Akutt innlegging

Aktuell kommune ved ansvarlig leiar kontaktar helseføretaket ved ansvarleg fagperson ved aktuell sengepost. Kommunen og aktuell innleggingsstad avklarar bistandsbehov og inngår avtale som er skildra i punkt 4:

- 
- **På kveld/natt/helg/høgtid:** Ansvarleg fagperson ved aktuell innleggingsstad inngår avtale fram til første virkedag med ansvarleg på vakt i kommunen. Ansvarleg sjukepleiar/ansvarsvakt eller tilsvarande har deretter ansvar for å overlevere avtale til seksjonsleiar/avdelingsleiar som vurderer omfanget av inngått avtale.
- **Man-Fred:** Det tas direkte kontakt med seksjonsleiar/avdelingsleiar

## 6. MEIR OM DEN KOMMUNALE BISTANDEN

Kommunen skal, så langt råd, skaffe kvalifisert personell når helseføretaket ber om det. Kommunen sitt personale skal yte tenester tilpassa behovet/tilstand til pasienten i samband med innlegging. Om nødvendig kan oppgåvene til følgjeperson spesifiserast i skjemaet «**Avtale om følgjeperson frå kommune**».

Følgjeperson utfører bistanden i samarbeid med helseføretaket sitt ansvarlege personale.

Ved lengre planlagde innleggingar bør det utarbeidast ein eigen arbeidsplan/turnus, for korleis bemannings-situasjonen skal løysast.

Følgjeperson fyller ut «**logg for registrering ved bruk av følgjeperson frå kommunen**» som grunnlag for kommunens refusjonskrav. Ansvarleg fagperson ved innleggingsstaden attesterer på skjemaet.

Ved vaktstart skal ansvarleg fagperson ved aktuell innleggingsstad i samarbeid med kommunal følgjeperson, sette opp ein plan for avløyning og matpausar. Følgjeperson skal ha informasjon/opplæring i nye/endra prosedyrar og informasjon om interne rutinar, for eksempel innan smittevern, branninstruks og namn på pasient-ansvarleg fagperson/eventuelle andre kontaktpersonar.

Ved innlegging og opphald i helseføretaket og ved utskriving gjeld rutine for elektronisk meldingsutveksling, jf. Delavtale 3a/b og 5a/b i Samhandlings-avtalen. Viss pasienten har følgjeperson må det kome fram i innleggingsrapporten.

## 7. ØKONOMISK ANSVAR

Dokumenterte meirutgifter for kommunen til bistanden skal dekkast av Helse Møre og Romsdal HF. Meirutgifter er kostnader kommunen får ved at pasienten blir innlagt i helseføretaket. Dette betyr at kommunen dekker det ein har av ordinære utgifter til pasienten. Partane skal så langt muleg unngå meirkostnad ved gjennomføring av retningslinene. Kommunen forskotterer løn og andre utgifter til eigne tilsette på vanleg måte.

## 8. FAKTURERING

Krav om dekning av dokumenterte meirutgifter må fremmast av kommunen innan 3 månader og dokumenterast ved avtale og loggskjema. Fakturering skal skje med utgangspunkt i gjeldande løn, vakttillegg, pensjonsutgifter, arbeidsgjevaravgift og ev. reiseutgifter etter statens reiseregulativ for aktuelt følgjepersonell. Personalet si reisetid mellom fast frammetestad og helseføretaket sin behandlingsstad skal reknast med i arbeidstida. Så langt råd skal bruk av overtid/forskjøve arbeidstid vere avtalt på førehand med seksjonsleiar/ansvarleg fagperson ved helseføretaket.

## 9. HANDTERING AV UEINIGHEIT

Eventuelle tvistar og usemje løysast på lavast mulig administrative nivå. **EVALUERING OG REVISJON** Retningslina evaluerast etter behov. Overordna samhandlingsutval i Møre og Romsdal har ansvar for å gjennomføre evalueringane og eventuelt revidere retningslina. Partane har ansvar om å melde behov for evaluering.

## 10. VEDLEGG

1. Skjema: Logg for registrering ved bruk av følgjeperson frå kommunen
2. Skjema: Avtale om følgjeperson frå kommunen

## 11. REFERANSAR

- Helse- og omsorgsdepartementet.(2000): Forskrift om barns opphold i helseinstitusjon <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2000-12-01-1217>
- Helse og omsorgsdepartementet.(2011): Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1256>
- Samhandlingsavtale mellom kommunene i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF

---

<https://helse-mr.no/Documents/Samhandlingsavtale%202015%20.pdf>

- LOV - 1999-07-02-61 Lov om spesialisthelsetjenesten m.m.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-61>
- LOV-1999-07-02-62 Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-62?q=Psykisk helsevern](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-62?q=Psykisk+helsevern)
- LOV-2011-06-24-30 Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.  
[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=kommune helse og omsorg](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=kommune+helse+og+omsorg)

## Vedlegg

 Avtale om følgjeperson frå kommune

 Logg for registrering ved bruk av følgjeperson frå kommunen